

## Høyringsfråsegn om endringar i læreplanane i norsk

Vi viser til høyringsbrev datert 18. mars 2019 frå Utdanningsdirektoratet om framlegg til endringar i læreplanane i norsk. Vi viser òg til brev frå Språkrådet til Utdanningsdirektoratet 12. november 2018 med særskild tilbakemelding på førsteutkasta til læreplanar i norsk.

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet. Hovudmåla for Språkrådets arbeid er å styrke norsk språks status og bruk på utsette samfunnsområde, fremje norsk som eit godt og velfungerande kultur- og brukspråk og ivareta det språklege mangfaldet og språkbrukarane sine interesser.

Språkrådet viser difor til dei overordna språkpolitiske føringane som utgjer berebjelkane i den gjeldande norske språkpolitikken. Språkmeldinga [St.meld. nr. 35 \(2007–2008\) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk](#) slår fast:

Alle skal ha rett til språk, å få utvikla og tileigna seg det norske språket, bokmål og nynorsk, å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk, sitt eige urfolksspråk eller nasjonale minoritetsspråk [...] (s. 24).

Fordi nynorsken er særleg pressa, er det er viktig «å sikra skuleelevar god opplæring i begge målformer, og sidemålsundervisninga må utviklast og utbedrast, ikkje reduserast» (s. 209).

Kunnskapsdepartementets stortingsmelding [St.meld. nr. 23 \(2007–2008\) Språk bygger bro.](#)

[Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne](#) deler dette språksynet:

Et overordnet dannelsesmål for skolen er å forberede elevene [både elever med norsk som morsmål og elever som lærer norsk som en del av en tospråklig kompetanse] til demokratisk medborgerskap, dvs. til å delta aktivt på ulike samfunnsarenaer som likeverdige deltagere i påvirknings- og beslutningsprosesser. Et premiss for den demokratiske språkpolitikken i Norge er at de to norske målformene nynorsk og bokmål til sammen utgjør det nasjonalspråket som alle norske statsborgere har rett og, på visse betingelser, plikt til å lære (s. 31).

Vi viser òg til [Granavollerklæringa](#), der det blir slått fast at «[r]egjeringen vil sikre gode bruks- og opplæringsvilkår for de offisielle språkene i Norge og de to likestilte målformene i norsk» (s. 67). Med offisielle språk i Noreg forstår vi norsk (bokmål og nynorsk), samiske språk, norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes.

Språkrådet meiner at Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet i læreplanarbeidet på tydelegare vis bør ta utgangspunkt i dei grunnleggjande dokumenta som den norske språkpolitikken og språkopplæringspolitikken byggjer på. Nokre av endringsframlegga som ligg føre i høyringa, er i strid med norsk språkpolitikk. Språkrådet kan ikkje gå god for læreplanar som verkar *motsett* av dei språkpolitiske prinsippa. Vi minner om at språkpolitikken er sektorovergripande, og at Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet i kraft av saksfelta sine er sentrale språkpolitiske aktørar med språkpolitisk ansvar.

Endringane i læreplanverket må vere i tråd med intensjonane i språkpolitikken som Stortinget har vedteke.

Ut frå dette kjem vi med fleire framlegg til endringar i dokumenta som er på høyring i saka. Fråsegna vår er i to hovuddelar:



- 1 Høyringsfråsegn om endringar i *læreplan i norsk*
- 2 Høyringsfråsegn om endringar i *læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter*, *læreplan i norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge – videregående opplæring*, og *læreplan i norsk for elever med samisk som førstespråk*

## 1 Høyringsfråsegn om endringar i *læreplan i norsk*

### 1.1 Om faget

Norskfaget skal tilfredsstille viktige samfunnsbehov. Formålet med opplæringa er både å setje individet i stand til å delta i samfunnet og å sørge for at samfunnet har tilgang til den norskfaglege kompetansen som trengst.

Språkrådet meiner difor at det er ein viktig del av *Fagets relevans* «å ruste elevene til å delta i demokratiske prosesser og forberede dem på et arbeidsliv som stiller krav til variert kompetanse i lesing, skriving og muntlig kommunikasjon». Det føreset meistring av språk.

Verdigrunnlaget i læreplanframlegget held fram at elevane skal få «innsikt i den rike og mangfoldige språk- og kulturarven i Norge», og at elevane skal «bli trygge språkbrukere og bevisste på sin egen språklige og kulturelle identitet innenfor et inkluderende fellesskap der flerspråklighet blir verdsatt som en ressurs». Språkrådet meiner desse formuleringane er gode, og vil at dei blir vidareførte dersom tekstene *Verdier og prinsipper* og *Fagets relevans* blir slegne saman.

Språkrådet meiner likevel at viktige presiseringar frå verdigrunnlaget i [Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen](#) manglar i læreplanframlegget.

Språkrådet saknar formuleringar som skildrar språksituasjonen i Noreg. Som i gjeldande læreplan må det i ny læreplan stå at norsk språk omfattar både bokmål og nynorsk. Det må òg presiserast innleigingsvis at desse språka skal vere reellt jamstilte, men at dei i praksis har ulike levekår i samfunnet. Dette må norskfaget i skulen ta omsyn til og kompensere for.

Vidare bør læreplanframlegget omtale samiske språk, nasjonale minoritetsspråk (kvensk, romanes og romani) og norsk teiknspråk, som er språk den norske staten har eit særskilt ansvar for (jf. punkt 1.5).

Det er svært positivt at setninga «[s]kriving i norsk innebærer å uttrykke seg med en stadig større språklig sikkerhet på både hovedmål og sidemål» har kome inn under punktet *Å kunne skrive*. Vi meiner òg at det er bra at læreplanen presiserer at «[d]en første lese- og skriveopplæringen skal foregå på elevens hovedmål». Det er særleg viktig for nynorskelevane. Fordi nynorskelevane til dagleg badar i bokmål, har dei større utfordringar med å lære språket sitt. Det er viktig at formuleringa i framlegget blir følgd opp med tiltak som gjer at nynorskelevane faktisk blir omgjevne av nynorsk så langt som råd i skulekvardagen. Vi understrekar at dette ikkje berre gjeld tekster som elevane møter i norskfaget, men òg tekster dei møter i alle andre skulefag.

I avsnittet om digitale ferdigheter bør det presiserast at elevane skal bruke digitale verktøy «på bokmål og nynorsk».

### 1.2 Språkhistorie og dialekt/talespråk

Norskfaget er ikkje berre eit reiskapsfag, men òg eit danningsfag. Dersom faget faktisk skal kunne fungere som eit danningsfag, bør det leggje større vekt på å gje elevane djupkunnskap om norsk språk, med særleg vekt på det historiske perspektivet.

Kompetansemåla som gjeld språkhistorie og talespråk, gjev etter vårt syn ikkje eit dekkjande bilet av språksituasjonen i Noreg. Ordet *dialekt* er ikkje nemnt i det heile (sjå meir om dette under punkt 1.7.3). Norsk språkhistorie er svært lågt prioritert i læreplanframlegget.

Språkrådet meiner kompetansemåla bør ha ambisjonar om at elevane skal få større innsikt i norsk språk og den norske språksituasjonen. Kunnskap om språkhistorie er viktig for å forstå kva rolle språk har spela i utviklinga av det norske samfunnet, og kva rolle det spelar i det norske samfunnet i dag. Slik Stortinget har lagt til grunn, er det eit sentralt mål for den norske språkpolitikken å styrke jamstillinga mellom dei to norske skriftspråka. Sjølv om dei to språka i dag er formelt jamstilte, er nynorsk reelt eit utsett mindretalsspråk. Kunnskap om norsk språkhistorie og norsk språksituasjon er viktig også for at elevane skal få innsikt i kvifor vi har to skriftlege variantar av norsk.

Elevane må få møte historia om bokmål, nynorsk og dei norske dialektane tidleg, slik at dei får eit medvite forhold til språket og det norske språkmangfaldet. Dei må òg få lære om og reflektere over språkhistoria gjennom heile skulelaupet.

### *1.2.1 Språkfaglege kompetansemål og progresjon*

Læreplanutkastet treng tydelegare språkfaglege kompetansemål som sikrar god progresjon i opplæringa.

Språkrådet meiner elevane bør ha kjennskap til den norske språksituasjonen alt etter 2. årstrinn. Vi ønskjer difor å halde på kompetansemålet «samtale om begrepene dialect, bokmål og nynorsk» i gjeldande læreplan og tilrår sterkt å leggje til eit nytt kompetansemål som tar for seg det språklege mangfaldet i Noreg:

- samtale om flerspråklighet og språklig mangfold

Etter 4. årstrinn tilrår vi å erstatte kompetansemålet «utforske og samtale om forskjeller og likheter mellom bokmål og nynorsk» med «utforske den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk og samtale om forskjeller og likheter mellom de to skriftspråkene». For å kunne samtale om likskapar og ulikskapar mellom bokmål og nynorsk må elevane også kjenne til historia til dei to skriftspråka og kvifor vi har dei.

For å skape betre progresjon tilrår vi så å erstatte kompetansemålet «utforske og samtale om språklig variasjon og mangfold i nærmiljøet» med «sammenligne eget talespråk med andre talespråksvarianter i nærmiljøet og samtale om forskjeller og likheter mellom talespråk og skriftspråk».

Språkrådet meiner det er viktig at elevane får kjennskap til norske dialekter, sidan denne kjennskapen er eit viktig bindeledd mellom språkhistoria og dei to norske skriftspråka i dag. Etter 7. årstrinn vil vi difor erstatte kompetansemålet «sammenligne talespråk i nærmiljøet med andre talespråksvarianter i Norge» med «kjenne til noen kjennetegn ved hovedgrupper av dialekter i Norge, og diskutere holdninger til dialekter og til de to skriftspråkene bokmål og nynorsk». Dette kompetansemålet høver godt i lag med kompetansemålet «utforske og reflektere over sammenhengen mellom språk og identitet», føreslått i læreplanframlegget.

Med ein slik progresjon meiner vi at elevane etter 10. årstrinn er skikka til å «gjøre rede for den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk og diskutere statusen til de to skriftspråkene i Norge i dag». Dette kompetansemålet vil erstatte kompetansemålet «forklare den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk og diskutere statusen til de offisielle språkene i Norge i dag» i læreplanframlegget. Innhaldet som gjeld dei andre offisielle språka i Noreg, vil bli vareteke i eigne

kompetansemål (sjå punkt 1.5). Språkrådet meiner at elevane på dette nivået òg burde kunne «gjøre rede for sentrale forskjeller og likheter mellom de to norske skriftspråkene, bokmål og nynorsk». Vi føreslår difor at denne setninga kjem inn som eit nytt kompetansemål.

I framlegget til ny læreplan er det ein svært uheldig pause i opplæringa etter vg1 og vg2 for elevar på yrkesfag (YF). Språkrådet tilrår å halde på kompetansemålet «gi eksempler på flerspråklighet og drøfte fordeler og utfordringer i flerspråklige samfunn» i gjeldande læreplan. Det sikrar prosesjon i utdanningslaupet og høver godt i lag med kompetansemålet «sammenligne særtrekk ved norsk med andre språk og vise hvordan språklige møter kan skape språkendringer», føreslått i læreplanframlegget.

Språkhistorisk djupkunnskap er noko elevane tradisjonelt har fått dei to siste åra i vidaregåande opplæring. I gjeldande læreplan står det at eleven etter vg2 (SF) skal «gjøre rede for norsk språkdebatt og språkpolitikk på 1800-tallet». Etter vg3 skal eleven «gjøre rede for norsk språkdebatt og språkpolitikk fra år 1900 til i dag».

I det nye læreplanframlegget er den språkhistoriske djupkunnskapen kraftig nedprioritert. Det er ingen kompetansemål som gjeld språkhistorie etter endt vg2 (SF). Språkhistoria er samla i eitt kompetansemål etter vg3: «[u]tforske og reflektere over språksituasjonen og språkpolitikken i Norge i dag og gjøre rede for den historiske bakgrunnen.» Etter vg2 (SF) skal elevane rett nok ha kjennskap til norrønt. (Dei skal kunne lese norrøne tekster «i oversettelse» og beskrive særtrekk ved norsk samanlikna med norrønt.) Det er nytt og ei forbetring frå det første læreplanframlegget.

Kompetansemåla på dei høgste nivåa er likevel mykje vagare enn dei er i dagens læreplan, og dei kjem etter Språkrådets syn upedagogisk seint. Språkrådet er svært uroa for kva følgjer dette vil få for djuplæringa og -forståinga av norsk språk. Språkrådet rår difor Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet til å halde på kompetansemåla og prosesjonslaupet i gjeldande læreplan:

#### Etter vg2 (SF)

- gjøre rede for norsk språkdebatt og språkpolitikk på 1800-tallet

#### Etter vg3

- gjøre rede for norsk språkdebatt og språkpolitikk fra år 1900 til i dag

Kompetansemålet etter påbygg kan erstattast med eit nytt kompetansemål:

- gjøre rede for norsk språkdebatt og språkpolitikk fra 1800-tallet og frem til i dag

Språkrådet er meir positiv til kompetansemålet «gjøre rede for endringer i talespråk i Norge i dag og drøfte sammenhenger mellom språk, kultur og identitet», føreslått etter vg3 og påbygg. Det høver godt som eit avsluttande kompetansemål i talespråkopplæringa til elevane.

### 1.3 Grammatikkunnskapar

Opplæring i skriftleg norsk er kjernen i norskfaget. Skal faget avgrensast, må det gjerast på anna vis enn ved å skjere ned på skriveferdigitetene i faget. NIFUs rapport [Studieforberedt etter studieforberedende?](#) (2015) syner at mange elevar i dag får for lite ut av grammatikkundervisinga i grunnskulen og i vidaregående opplæring. Den mangelfulle grammatikkopplæringa i grunnskulen og i den vidaregående skulen pregar språkundervisinga på universiteta og høgskulane negativt. Det fører i sin tur til at kompetansen i norsk grammatikk samla sett går ned i det norske samfunnet. Det er svært uheldig både for norsk som språk og for høvet den enkelte språkbrukaren vil ha til å kunne bruke språket presist og godt og til å kunne lære seg andre språk. Vidare går ei marginalisering av

fagdisiplinen utover statusen til språkfaget som vitskap. Det vil igjen ha langsiktige negative konsekvensar for skulefaget norsk. Språkrådet etterlyser difor tydelegare kompetansemål som sikrar elevane god grammatikkopplæring.

Det er bra og naudsynt at elevane etter vg2 (SF) skal kunne bruke metaspråk til å skildre særtrekk ved norsk samanlikna med mellom anna norrønt. Ut over dette ser ikkje Språkrådet noko grammatikkfagleg forbetring frå det første læreplanframlegget.

Læreplanen bør innehalde kompetansemål som gjev elevane kunnskap om fonologi (lydlære), morfologi (formlære), syntaks (setningslære) og semantikk (tydingslære). Her vil vi understreke at elevane må lære å bruke relevante fagord (til dømes «syntaks» i staden for «setningslære») slik at dei kan snakke og skrive om språk på ein språkfagleg måte. Det å kunne bruke fagspråket er òg ein føresetnad for å kunne lære seg andre språk.

## 1.4 Sidemålsopplæringa

I handsaminga av stortingsmeldinga [Mål og mening](#) har Stortinget slutta seg til ein politikk som slår fast at bokmål og nynorsk skal vere jamstilte skriftspråk, og at nynorsk må styrkast for å gjere jamstillinga meir reell (s. 196). Språkrådet meiner læreplanframlegget har element som svekkjer sidemålsopplæringa, og at læreplanframlegget dermed går imot den språkpolitikken Stortinget har stilt seg bak. Her er det viktig å presisere at utdanningsstyremaktene har eit sjølvstendig ansvar for gjennomføring av den sektorovergripande språkpolitikken på sitt område.

Ei svekking av sidemålsopplæringa vil få alvorlege konsekvensar for den samla norskkompetansen til elevane, og den vil ikkje minst gje därlegare vilkår for nynorsk, som den minst brukte av dei to jamstilte norske skriftspråka.

Sidemålsopplæringa er ein viktig politisk reiskap for å sikre at elevane får kompetanse i både bokmål og nynorsk. Det er noko nynorskbrukarane, som eit språkleg mindretal, er heilt avhengige av for å kunne bruke og sjå språket sitt overalt og for at nynorsken i tråd med dei politiske ambisjonane skal vere eit samfunnsberande språk i Noreg på lik linje med bokmålet.

Det er grunnopplæringa i begge skriftformene som gjer det realistisk å krevje at sakshandsamarar i staten skal kunne svare på brev på både bokmål og nynorsk, at skjema i staten skal kunne finnast på både bokmål og nynorsk, at staten skal kunne veksle mellom bokmål og nynorsk i informasjon til borgarane, at eksamensoppgåver i høgare utdanning skal ligge føre på både bokmål og nynorsk, at lærarar i alle fag skal kunne undervise på skular i heile landet uansett kva skriftform elevane brukar osb.

Språkpolitikken legg til grunn at det må setjast i verk tiltak som kan styrkje nynorsk i det norske samfunnet. Språkrådet etterlyser difor tiltak i dei nye læreplanane som styrkjer nynorsken og situasjonen til nynorskelevane. Tidlegare start med nynorsk og ei tydelegare vektlegging på og vurdering av kompetanse i nynorsk kan sikre ei god utvikling for nynorsken i skulen og nynorskkompetansen i storsamfunnet.

### 1.4.1 Kompetansemål og progresjon som styrkjer nynorsken

Norskfaget skal lære elevane å skrive og å lese på bokmål og nynorsk. Språkrådet ser svært positivt på at kompetansemåla er dei same for hovudmål og sidemål. Elevane treng like god kompetanse i dei to skriftspråka for å oppfylle krava til nynorsk som blir sett i arbeidslivet. Ein reduksjon av krava til sidemål vil ikkje ha noko å seie for dei som har nynorsk som hovudmål, for dei er i praksis like gode i sidemålet sitt. Ein reduksjon vil derimot svekkje nynorskunnskapane hjå dei med nynorsk som sidemål og dermed ikkje vere i tråd med norsk språkpolitikk.

Læreplanen kan og bør likevel ta omsyn til dei ulike vilkåra for bokmål og nynorsk i samfunnet og at elevar med nynorsk som hovudmål er i ein annan situasjon og har andre behov enn elevar med bokmål som hovudmål. Læreplanframlegget som no er ute på høyring, gjer ikkje det.

Språkrådet meiner det er positivt at læreplanen innleiingsvis slår fast at «den første lese- og skriveopplæringen skal foregå på elevens hovedmål». Nynorskelevane spesielt treng å vere omgjevne av nynorsk tidleg i skulelaupet. Men det aleine aukar ikkje tilgangen til nynorsk for nynorskbrukarane. Slik sett løyser det ikkje mishøvet i synlegheita til dei to jamstilte skriftspråka. Fordi bokmålet er så dominerande i samfunnet i dag, må skulen kompensere ved å gje elevane meir nynorsk. Bokmålselevane treng å lære meir nynorsk, og nynorskelevane treng å bli tryggare i språket sitt. Berre slik kan vi få språkleg trygge skulelevar som lærer dei norske skriftspråka i djupna.

For å nå dette målet og for å sikre ei god utvikling for nynorsk må både bokmålselevane og nynorskelevane få styrkt opplæring i nynorsk. Ei styrkt opplæring i nynorsk inneber tidleg start med både lesetrening og skrivetrening og god progresjon utdanningslaupet igjennom.

Forsking på tidleg start syner fleire fordelar, ikkje berre språklege, men òg kognitive ([Vulchanova, Åfarli, Asbjørnsen & Vulchanova, 2014](#)). For nynorsken sin del vil tidleg start også kunne bidra til positive språkhaldningar.

Tidleg start og god progresjon finn vi i lesemåla i læreplanen. Språkrådet står at elevane skal lytte til nynorsk tidleg i utdanningslaupet, og at dei skal kunne lese varierte tekster på nynorsk alt etter 4. årstrinn. Nynorsken er eksplisitt nemnd i kompetansemåla, og krava er like for nynorsk og bokmål gjennom heile utdanningslaupet. Det einaste unntaket er kompetansemålet etter vg2 (SF) og påbygg. Her står det at eleven skal kunne «lese norrøne tekster i oversettelse og sammenligne dem med tekster fra nyere tid». Då desse tekstene i stor grad er omsette til nynorsk, meiner Språkrådet at det er greitt at det ikkje står «i oversettelse til bokmål og nynorsk». Dette er likevel noko Kunnskapsdepartementet kan vurdere å ta inn, for å sikre at elevane også får lese norrøne tekster i omsetjing til bokmål.

Like viktig som at alle elevar lærer å lese nynorsk, er det at dei lærer å skrive nynorsk tidleg, og at det er god progresjon i skrivemåla. I framlegget til ny læreplan står det at elevane skal «prøve ut skriving av tekster på sidemål» etter 7. årstrinn. Språkrådet meiner dette er altfor seint, særleg for bokmålselevane. Både bokmålselevane og nynorskelevane har behov for skrivetrening på nynorsk mykje tidlegare i skulelaupet.

Språkrådet føreslår difor at det blir innført kompetansemål som særleg gjeld nynorsken. Både elevar og lærarar er tente med ei særbehandling av nynorsken i læreplanen. Såleis bør Kunnskapsdepartementet legge inn eit nytt kompetansemål etter 4. årstrinn som særleg løftar fram det mindre brukte av dei to norske skriftspråka. Uavhengig av kva hovudmål/sidemål eleven har, skal han

- skrive enkle tekster på nynorsk

Eit slikt kompetansemål kan vere eit viktig steg mot ei reell språkleg jamstilling i skulen og styrke nynorskkompetansen til elevane, slik at dei alle kan bli språkleg trygge i begge dei norske skriftspråka. Språkrådet er klar over at omgrepene «nynorsk» elles berre er brukt i samband med kompetansemål som gjeld lesing (sjå meir om omgrepsbruken i læreplanen under punkt 1.7.2).

Ei alternativ løysing er at elevane får «prøve ut skriving på sidemål» etter 4. årstrinn. Eit slikt kompetansemål vil kome sidemålundervisinga til gode, med det tek ikkje omsyn til ulikskapane mellom bokmålselevane og nynorskelevane og dei ulike behova desse elevane har.

Med eit skrivemål alt etter 4. årstrinn føreslår Språkrådet å endre skrivemålet etter 7. årstrinn frå «prøve ut skriving av tekster på sidemål» til

- skrive tekster på sidemål

I læreplanframlegget manglar dessutan presiseringa «på hovudmål og sidemål» i alle kompetansemåla som gjeld skriving etter vg2 (SF), og i nokre av kompetansemåla etter vg3 og påbygg. I teksta om undervegsvurdering og sluttvurdering er det tydeleg at intensjonen er at elevane skal skrive sidemål på desse trinna. Dette bør tydeleggjerast i kompetansemåla frå og med 10. årstrinn, slik at ein sikrar at sidemålsprogresjonen held fram gjennom den vidaregåande skulen.

Språkrådet meiner elles at det er uheldig at elevar på vg2 (YF) berre skal skrive på hovudmålet sitt. Eit kompetansemål som slår fast at elevane skal skrive på både hovudmål og sidemål, sikrar at nynorskelevar i mindretal på språkblanda skular ikkje berre får undervising i og på bokmål. Eit slikt kompetansemål vil òg gjere det lettare for yrkesfagelevar som seinare søker seg vidare til påbygg, der kompetanse i sidemål er eit krav. Vi minner også om at nynorskunnskap er viktig for å kunne bu og arbeide kvar som helst i landet.

#### 1.4.2 Vurderingsordninga

Ved å slå saman dei skriftlege undervegskarakterane i hovudmål og sidemål på 8. årstrinn, på 9. årstrinn, på vg1 og på vg2 (SF) svekkjer læreplanen statusen til sidemålsopplæringa i skulen. Fordi fleirtalet av elevane har nynorsk som sidemål, vil ei svekt vurderingsordning for sidemålet samla sett føre til lågare nynorskkompetanse i samfunnet.

Endringsframlegget frå Kunnskapsdepartementet bryt med prinsippet om at målformene er jamstilte, og med prinsippet om at nynorsken skal styrkast. Språkrådet rår difor Kunnskapsdepartementet om å halde på ordninga med eigen sidemålskarakter i undervegsvurderinga. Vi er svært uroa over kva følgjer endringa av vurderingssystemet kan få for bruken av nynorsk over tid.

Kunnskapsdepartementet forklarar fjerninga av undervegsvurderinga i sidemål med funn i [NIFUs rapport om karakterforsøk i norsk](#). Språkrådet meiner framlegget om karaktersamslåinga ikkje har eit naudsynt kunnskapsbasert fundament. NIFU-rapporten slår fast at undervising og vurdering «er tett integrert i skolen, og disse faktorenes innvirkning på elevenes læring følger sannsynligvis et langt mer komplekst forløp enn at man kan «slå av» en karakter ved halvårvurdering og se endringer kommer til syne». Rapporten konkluderer rett nok med at lærarane i forsøket meiner dei har fått betre tid, no når dei ikkje treng å gjere så mange vurderingar, men dei elevane som har vore med på forsøket, lærer ikkje nynorsk og bokmål betre, og mange gjev uttrykk for at dei saknar undervegsvurderinga. Elevane skjønar ikkje det nye vurderingsspråket, og dei tykkjer det er vanskeleg å motivere seg for læring utan karakterar. NIFU skriv vidare at det ikkje er naudsynt å fjerne karakterane for å redusere omfanget av vurderingssituasjonar.

Ein kvalitativ samlerapport (*Forsøk med en eller to karakterer i underveisvurderingen i norsk*, 2018) frå skular som er med i forsøket (nærare 100 svar), har ifølgje Utdanningsdirektoratet vore ein del av grunnlaget for arbeidet med vurderingsordninga. Utdanningsdirektoratet har i e-postkommunikasjon med Språkrådet meint at rapportane frå skulane stadfestar og supplerer funna i NIFU-rapporten. Men av samlerapporten kan ein sjå at mange lærarar uroar seg eksplisitt for at nynorsken kan bli nedprioritert. Språkrådet minner om at slike kvalitative rapportar kan lesast på mange vis, og ber

departementet òg om å ta omsyn til dei mange og alvorlege motførestillingane som finst i samlerapporten.

Språkrådet vil minne om at det heller ikkje er påvist at ein blir betre i hovudmålet sitt dersom ein får mindre opplæring i sidemålet. Tvert om er det mykje som talar for at særleg skriving på begge skriftspråka styrker den generelle språkkompetansen (Vulchanova 2012). Ei svekking av skrivekompetanse på sidemål vil altså vere ei svekking av det faglege nivået i skriftleg norsk. Det vil dermed ha ein negativ innverknad både på kompetansen til den enkelte eleven og vere negativt for den samla språkkompetansen i det norske samfunnet.

Skal karaktersamanslåinga i undervegsverderinga gjennomførast, er det ein uomgjengeleg føresetnad at nynorsken i større grad blir styrkt i læreplanen. For vurderingsordninga inneber ei slik styrking at progresjonen i sidemålet blir sikra, og at det blir lagt inn føringer om at nynorsk og bokmål skal vektast likt og på bakgrunn av eit tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag i den skriftlege karakteren.

Språkrådet meiner at sidemål må vere ein del av undervegsverderinga frå og med 8. årstrinn, for å sikre god progresjon i både nynorsk og bokmål. Vi rår difor til at setninga «[...] i sidemål senest fra og med 9. trinn, jf. opplæringsloven § 2-5, sjette ledd» blir fjerna frå vurderingsteksta i læreplanen. Det som står i [Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa](#) (opplæringslova) § 2-5 sjette ledd, er:

Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i begge målformer. Departementet kan gi forskrifter om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særleg språkopplæring.

Kravet i opplæringslova § 2-5 sjette ledd *bør ikkje* vere avgjerande for når ein byrjar med undervising og opplæring i sidemål. Kravet seier vidare *ingenting* om eigen karakter i sidemål. Det kan sjå ut som om læreplanframleggjett har misforstått innhaldet i føresegna. Blir formuleringa ståande, oppfordrar læreplanen til brot i progresjonen i sidemålsopplæringa. Med ein læreplanfesta sidemålpause på 8. årstrinn fråtek skulen elevane tid til til å lære seg sidemålet skikkeleg og til å nå det kompetansenvået som skulen seinare krev av dei. Det er pedagogisk uklokt. Språkrådet meiner òg at det er uheldig å vise til opplæringslova, sidan ho er under revisjon.

Læreplanframleggjett slik det ser ut no, seier ingenting konkret om korleis hovudmålet og sidemålet skal vektast i undervegsverderinga på 8. og 9. årstrinn. Språkrådet meiner vurderingsteksta i undervegsverderinga må innehalde tydelege krav som sikrar at læraren tek sidemålsundervisinga på alvor. Vi kjem difor med framlegg om dette tilleggat:

Eleven skal i løpet av skoleåret skrive omrent like mange tekster på hovedmål og sidemål. Karakteren skal gis på grunnlag av kortere og lengre elevtekster i ulike sjangre, og tekster på hovedmål og sidemål skal vektes likt.

I undervegsverderinga for vg1 og vg2 (SF) og i standpunktverderinga for 10. årstrinn og vg3 ligg det nokre føringer. Her står det at læraren skal setje karakter på bakgrunn av eit utval «kortere og lengre tekster i ulike sjangre». Denne formuleringa meiner Språkrådet er god, sidan ho legg opp til eit jamgoda vurderingsgrunnlag. Vi er derimot svært skeptiske til og overraska over den påfølgjande formuleringa som seier at læraren i vurderinga skal «ta hensyn til at elevene har hatt lengre tid med formell opplæring i hovedmålet enn i sidemålet». Dette «hensynet» meiner Språkrådet undergrep føremålet med og vinstane av å ha jamstilte kompetansemål og eit jamgoda vurderingsgrunnlag. Vi meiner òg at ulik vurdering i hovedmål og sidemål vil auke faren for strategisk språkskifte frå nynorsk til bokmål i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Språkrådet tilrår difor sterkt at denne setninga blir fjerna frå læreplanen, og at det i staden kjem inn ei setning som seier at karakterane skal vektast likt. Slik det står no, ser det ut som om Utdanningsdirektoratet og

Kunnskapsdepartementet ikkje lenger meiner det skal vere eit mål at elevane går ut av skulen med lik kompetanse i dei to skriftspråka.

Dersom det kjem ei endring på vg2 (YF) som gjer at elevane skal skrive på både hovudmål og sidemål, må vurderingsteksta her endrast til også å gjelde sidemål.

## **1.5 Språkleg mangfald**

Skal læreplanen vere i tråd med dei prinsippa som Stortinget har gjeve for språkpolitikken i Noreg, må han anerkjenne og ta omsyn til dei mindre brukte språka i Noreg.

Språkrådet ser difor svært positivt på at språkleg mangfald er eit uttrykt kjerneelement i norskfaget. Diverre er kjernelementet dårlig reflektert i kompetansemåla i læreplanen. Her er det språklege mangfaldet fleire stader baka inn i frasa «og andre språk». Etter Språkrådets syn er ikkje det tilstrekkeleg.

Læreplanen bør innehalde konkrete kompetansemål som gjev elevane kjennskap til utbreiinga av og nokre kjenneteikn ved dei samiske urfolksspråka og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes. Læreplanen bør òg innehalde konkrete kompetansemål som gjev elevane kjennskap til norsk teiknspråk. Desse språka er, i tillegg til å vere avgjeraande kulturberarar for minoritetar, ein viktig del av det språklege mangfaldet i Noreg.

### *1.5.1 Norsk teiknspråk*

I læreplanframlegget er ikkje norsk teiknspråk nemnt i det heile. Språkrådet meiner at elevane skal ha kjennskap til at norsk teiknspråk med sin kultur og si historie er ein del av norsk kulturarv.

Språkrådet tilrar at dette blir innarbeidd i kompetansemåla i norskfaget. Ein måte å gjere dette på er å ta i bruk eit av dei norske handalfabeta i samband med den tidlege skriveopplæringa. Slik vil kjennskap til skjeringspunktet mellom norsk skrift og handalfabeta i norsk teiknspråk bidra til å fremje positive haldningar til norsk teiknspråk. Som eit gestuelt språk er teiknspråk særleg godt eigna for tidleg læring. Vidare føreslår Språkrådet kompetansemål på 7. årstrinn og etter vg1 (SF) og vg2 (YF).

Etter 4. årstrinn

- bokstavere og lese av enkelte ord på ett av de to norske håndalfabetene

Etter 7. årstrinn

- lære et utvalg tegn fra norsk tegnspråk og bruke dem til å danne enkle setninger

Etter vg1 (SF) og vg2 (YF)

- gjøre rede for kampen tegnspråksbrukere har hatt for å oppnå anerkjennelse av norsk tegnspråk, og erfare norsk tegnspråk i bruk ved å få kjennskap til sammensatte tekster av og om døve mennesker

### *1.5.2 Nasjonale minoritetsspråk*

Dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes er heller ikkje nemnde i læreplanframlegget. Desse språka har ei særskild historie i Noreg, og Noreg som stat har eit særskilt folkerettsleg ansvar for dei nasjonale minoritetsspråka, jf. [Europarådets minoritetsspråkpakt](#).

Språkrådet rår til at det blir innarbeidd kompetansemål som særleg nemner dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes.

Språkrådet kjem med framlegg om desse kompetansemåla:

Etter 10. årstrinn

- kjenne til utbredelsen av og noen kjennetegn ved de nasjonale minoritetsspråkene kvensk, romani og romanes

Etter vg3 (SF) og påbygg

- gjøre rede for trekk ved de nasjonale minoritetsspråkene kvensk, romani og romanes og konsekvenser av fornorskingspolitikken

### 1.5.3 Samisk

Språkrådet meiner læreplanen i norsk bør vere meir ambisiøs når det gjeld kjennskap til og kunnskap om dei samiske urfolksspråka i Noreg. Opplæringa bør starte tidleg, og elevane bør lære om den norske assimileringsspolitikken som det samiske folket vart utsett for. Det er ein viktig del av både norsk og samisk språkhistorie og ein god inngang til å forstå at språk ikkje berre er eit kommunikasjonsverktøy, men òg ein identitetsmarkør og kulturberar.

Språkrådet kjem med framlegg om desse kompetansemåla:

Etter 4. årstrinn

- lytte til og lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål, nynorsk og i oversettelse fra samiske og andre språk og samtale om hva tekstene betyr for eleven

Etter 7. årstrinn

- lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og i oversettelse fra samiske og andre språk og samtale om form og innhold
- kjenne til utbredelsen av de samiske språkene i Norge og noen sentrale trekk ved samiske språk og samisk kultur

Etter 10. årstrinn

- lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og i oversettelse fra samiske og andre språk og reflektere over innhold, sjangertrekk og språklige virkemidler
- gjøre rede for utbredelsen av de samiske språkene i Norge og for de språklige rettighetene samer har

Etter vg1 (SF) og vg2 (YF)

- lese nyere skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og i oversettelse fra samiske og andre språk og gjøre rede for tema og språklige virkemidler

Etter vg3 (SF) og påbygg

- gjøre rede for trekk ved samiske språk og samisk kultur og konsekvenser av norsk språk- og fornorskingspolitikk

## 1.6 Nordiske språk

Læreplanen bør synleggjere verdien av god nabospråkforståing (jf. [Mål og mening](#)).

Nabospråkforståinga er viktig for å styrke og dyrke det skandinaviske språk- og kulturfellesskapet, og det er eit felt som har høg prioritet i det politiske samarbeidet på nordisk nivå. God nabospråkforståing skal i tillegg sikre mobilitet internt i Norden, og det er ein føresetnad for at dei nordiske landa i fellesskap skal kunne gjennomføre politiske tiltak til glede for eit språkbrukarområde

med 25 millionar innbyggjarar. For at det skal kunne skje, må nabospråkforståing ha ein plass i skulen.

Læreplanen i norsk treng kompetanseomål som løftar fram verdien av nabospråkforståing og tiltak som kan fremje den språklege fellesskapen i Norden som [Nordisk språkkonvensjon](#) (1987) og [Deklarasjon om nordisk språkpolitikk](#) (2006) byggjer opp under. Språkdeklarasjonen slår fast at det er eit politisk mål å styrke nabospråkundervisinga i skulen.

Tidleg eksponering og god progresjon har mykje å seie for det endelege læringsutbytet. Språkrådet kjem difor med framlegg om eit nytt kompetanseomål alt etter 4. årstrinn og betre progresjon i kompetanseområla som gjeld lesing. Vi ser positivt på at elevane skal «bruke metaspråk til å beskrive særtrekk ved norsk sammenlignet med svensk, dansk og norrønt», men meiner plasseringa av kompetanseområlet er noko problematisk. Vi vil at dette kompetanseområlet blir delt i to. Delen som gjeld norrønt, kan stå etter vg2 (SF), då eit anna kompetanseomål her er å lese norrøne tekster. Delen som gjeld nabospråka, bør flyttast til vg1 (SF) og vg2 (YF). Ein viktig grunn til denne endringa er at elevar som vel yrkesfag, elles ikkje vil få meirkunnskap om den felles nordiske språkforståinga.

Språkrådet kjem med framlegg om desse kompetanseområla:

Etter 4. årstrinn

- lytte til, forstå og gjengi informasjon fra svensk og dansk tale

Etter 7. årstrinn

- lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og i oversettelse fra samiske og andre språk og samtale om form og innhold

Etter 10. årstrinn

- lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og i oversettelse fra samiske og andre språk og reflektere over innhold, sjangertrekk og språklige virkemidler

Etter vg1 (SF) og vg2 (YF)

- lese nyere skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og i oversettelse fra samiske og andre språk og gjøre rede for tema og språklige virkemidler
- bruke metaspråk til å beskrive særtrekk ved norsk sammenlignet med svensk og dansk

## 1.7 Omgrepssbruken i læreplanverket

Språkrådet ber Kunnskapsdepartementet ta stilling til omgrepssbruken i læreplanverket og reflektere over kva konsekvensar han kan få for norsk språk, særleg nynorsk.

### 1.7.1 Målform/skriftspråk

Språkrådet står at bokmål og nynorsk blir omtala som skriftspråk og ikkje målformer. Frå 2000-talet av har det ikkje lenger vore noko mål for den norske språkpolitikken å ha ei tilnærming av bokmål og nynorsk. Dei to språka blir no normerte og røkta som to språk med kvar sin parallelle skriftkulturelle tradisjon. Implikasjonen av dette er at dei ikkje lenger er *målformer*, men to sjølvstendige skriftspråk.

### 1.7.2 Bokmål/nynorsk – hovudmål/sidemål

I læreplanframlegget blir omgropa *bokmål* og *nynorsk* brukte i samband med lesedugleikar, medan *hovudmål* og *sidemål* blir brukte når det er snakk om skrivedugleikar. Denne omgrepssbruken er problematisk og noko forvirrande.

Språkrådet skulle gjerne sett at det i læreplanverket konsekvent stod *nynorsk* og *bokmål* i omtala av dei to skriftspråka, i tråd med intensionane frå Kunnskapsløftet:

Gjennom Kunnskapsløftet gjøres språkkompetansen til et av de viktigste målene med opplæringen. Læreplanen i norsk understrekjer sidestillingen mellom målformene ved å unngå begrepene «hovedmål» og «sidemål» i kompetansemålene. På alle trinn blir det framhevet at elevene skal arbeide med bokmål og nynorsk parallelt i norskundervisningen – først gjennom muntlige tekster og lesing, senere gjennom skriving ([St.meld nr. 23 \(2007-2008\) Språk bygger broer](#), s. 39).

Når denne ordbruken kan vere uheldig, er grunnen at ein i framlegget stiller opp *sterkare* ferdighetskrav for hovudmål og *svakare* krav for sidemål. For å gjere det tydelegare at elevane skal kunne meistre begge dei to norske skriftspråka i djupna, bør omgropa *hovudmål* og *sidemål* erstattast med *nynorsk* og *bokmål*, som før læreplanrevisjonen i 2013.

Omgrepsbruken skapar også forvirring i læreplanen. Eit eksempel på det er kompetansemålet «utforske og samtale om forskjeller og likheter mellom bokmål og nynorsk» etter 4. årstrinn. Det er uklart om kompetansemålet gjeld munnleg kommunikasjon, skriftleg kommunikasjon eller det som i gjeldande læreplan heiter «språk, litteratur og kultur».

#### 1.7.3 Dialekt/talespråk

Det er svært uheldig at ordet *dialekt* ikkje blir brukt i læreplanframlegg. Språkrådet meiner *talespråk* i fleire tilfelle er eit for vagt og vidt omgrep.

Vi forstår at intensionen med omgrepet *talespråk* er god, og at læreplanen ønskjer å femne om både dialekter, etnolekter og kanskje også multietnolekter.

Vi meiner likevel at det er ei svekking av djuplæringa av norsk språk å fjerne den tradisjonelle dialektlæra. Kunnskap om norske dialekter er eit nødvendig bindeledd mellom språkhistoria og dei to norske skriftspråka våre. Spesielt viktig er dette bindeleddet for elevar med innvandrarbakgrunn. Språkrådet meiner at dette perspektivet framleis må vere ein del av undervisinga om talespråk (sjå endringsframlegg av kompetansemål under punkt 1.2.)

#### 1.7.4 Kompetanseverb

Språkrådet vil også kort kommentere bruken av kompetanseverb i læreplanverket.

Utdanningsdirektoratet har fått kritikk for å bruke vase og upresise verb som *utforske* og *undre seg over*. Læreplangruppa i norsk har ved to høve uttrykt overfor Språkrådet at ein med *utforskning* også skal forstå *forsking/djuplæring*. Språkrådet etterlyser ei klar omgrepsdefinering som synleggjer denne sida av verbet, og som problematiserer i kva grad den same definisjonen kan leggjast til grunn i læreplanen for t.d. grunnleggjande norsk for språklege minoritarar.

2 Høyringsfråsegn om endringar i *læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter*, *læreplan i norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge – videregående opplæring*, og *læreplan i norsk for elever med samisk som førstespråk*.

#### 2.1 Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter

Språkrådet etterlyser generell informasjon om nivåinndelinga i læreplanen. Innleiingsvis i læreplanen bør det stå noko om kvar eleven er i læringsprosessen når han kvalifiserer for nivå 1, 2 og 3. Det bør

øg stå noko om kva årstrinn nivåa svarar til i den ordinære læreplanen i norsk. Ei slik presisering er nødvendig for god progresjon.

Ei slik presisering kan òg verke til å forklare kvifor kompetansemåla er så ulike under eitt og same nivå. Etter nivå 1 skal eleven «skrive store og små bokstaver» og «skrive enkle setninger og tekster». Vi reknar med at det er snakk om «og/eller», alt etter kva føresetnader eleven har. Slik læreplanen er no, verkar dette forvirrende.

Det viktigaste for elevane er å tilegne seg gode nok ferdigheter i norsk til å kunne fortsetje utdanninga si og fungere i arbeidslivet. Det føreset meistring av språk og tekst.

### *2.1.1 Språket som system*

Språkrådet meiner språklæringa og språket som system er därleg reflektert i kompetansemåla. For å kunne lære eit språk må ein ha dei språklege strukturane på plass. Språkrådet etterlyser difor tydelegare kompetansemål som sikrar elevane god grammatikkopplæring. Det kan vere lurt å hente inn nokre av kompetansemåla i gjeldande læreplan.

### *2.1.2 Kjennskap til den norske språksituasjonen*

Språkrådet meiner at læreplanen bør gje elevane (på alle nivå) tilstrekkeleg innsyn i den norske språksituasjonen. Eleven må få kunnskap om og kjennskap til dei to offisielle skriftspråka i Noreg, bakgrunnen for dei og det rike dialektmangfaldet. Denne kunnskapen er avgjerande for at eleven skal få eit språkleg fundament som gjev «like muligheter til å delta i skolen og i samfunnet», jf. teksten *Verdier og prinsipper* i læreplanen.

Dagens *læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter* ivaretar i større grad denne kunnskapen. Språkrådet tilrår difor at (innhaldet i) nokon av dei noverande kompetansemåla får stå.

Til liks med elevane som følgjer *læreplan i norsk*, bør elevane med *læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter* òg få noko generell kunnskap om dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg (jf. punkt 1.5.2). Den norske fleirspråklege situasjonen er eit godt utgangspunkt for refleksjon over og diskusjon av eleven sin eigen fleirspråklege situasjon. Erfaringar frå heimlandet og Noreg kan gje viktige perspektiv.

Språkrådet kjem med framlegg om desse kompetansemåla, som også bidreg til god progresjon sett i samanheng med kompetansemåla i den ordinære læreplanen i norsk:

#### Etter nivå 1

- samtale om begrepene dialekt, bokmål og nynorsk
- lytte til skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og samtale om innholdet

#### Etter nivå 2

- sammenligne eget talespråk med andre talespråksvarianter i nærmiljøet og med de norske skriftspråkene bokmål og nynorsk
- lese og samtale om enkle tekster på sidemålet

#### Etter nivå 3

- kjenne til hovedtrekkene i norsk språkhistorie
- samtale om særlege kjennetegn ved noen norske dialekter
- gjøre rede for språklig variasjon og mangfold som samiske språk, minoritetsspråk og andre språk tilfører i Norge

## **2.2 Læreplan i norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge – videregående opplæring**

Det viktigaste for elevane er å tilegne seg gode nok ferdigheter i norsk til å kunne fortsetje utdanninga si og fungere i arbeidslivet. Det føreset meistring av språk og tekst.

### **2.2.1 Språket som system**

Språkrådet meiner språket som system er dårleg reflektert i kompetansemåla. For å kunne lære eit språk, og det på kort tid, må ein ha dei språklege strukturane på plass. Språkrådet etterlyser difor tydelegare kompetansemål som sikrar elevane god grammatikkopplæring.

### **2.2.2 Kjennskap til norsk språkhistorie**

I læreplanen står det at elevane skal «ha kunnskap om dagens språksituasjon i Norge og utforske dens historiske bakgrunn». Språkrådet kan ikkje sjå korleis elevane skal få tilstrekkeleg kjennskap til språksituasjonen i Noreg utan større vektlegging av språkhistorisk kunnskap. Som i *læreplan i norsk* kjem kunnskap om norsk språkhistorie her først etter vg3. Språkrådet meiner det er upedagogisk seint. Vi rår difor til at kompetansemåla i gjeldande *læreplan i norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge* blir ståande.

Det uroar Språkrådet at elevane ikkje skal få kjennskap til dialektmangfaldet i Noreg. Vi meiner kompetansemålet etter vg3, «utforske og gjøre rede for endringer i talespråket i Norge i dag [...]», er for vagt (jf. punkt 1.7.3).

### **2.2.3 Kjennskap til dei minste språka i Noreg**

Ein viktig føresetnad for å forstå dagens språksituasjon er kjennskap til dei små språka i Noreg: nynorsk, dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka. I teksten *Tekst i kontekst* står det at «[elevene] skal utforske og reflektere over egnet skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i oversatte tekster fra samisk og andre språk».

Språkrådet meiner det er positivt at elevane skal møte litteratur på både bokmål og nynorsk og tekster i omsetjing frå samiske og andre språk. Vi meiner likevel at læreplanteksta er noko vag, og at det er lite samanheng med kompetansemåla. I kompetansemåla står det at eleven skal kunne «lese», ikkje «utforske og reflektere over». Vi meiner at det bør stå «lese» heile vegen i læreplanen. At dei skal lese litteratur «på bokmål og nynorsk», må kome tydeleg fram i alle kompetansemåla. No står det berre «norske tekster». I kompetansemåla står det at elevane skal lese «noen oversatte skjønnlitterære tekster». Det bør presiserast at det m.a. skal vere tekster i omsetjing frå samiske språk.

Sjølv om elevane ikkje skal ha opplæring eller vurdering i sidemål, bør dei få grunnleggjande kjennskap til begge dei norske skriftspråka. Etter vg1 (SF) og vg2 (YF) kan dei t.d. «sammenligne noen særtrekk ved de to norske skriftspråkene, bokmål og nynorsk, med eget morsmål eller andre språk eleven kjenner».

Til liks med elevane som følgjer læreplanen i norsk, bør språklege minoritetar med kort butid i Noreg få noko generell kjennskap til dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg (jf. punkt 1.5). Denne kjennskapen kan dei få ved ei presisering av «andre språk» eller kompetansemålet «utforske språklig mangfold i Norge» etter vg1 (SF) og vg2 (YF).

## **2.3 Læreplan i norsk for elever med samisk som førstespråk**

Til liks med *læreplan i norsk* skal elevane med samisk som førstespråk gjennom sin læreplan i norsk få tilgang til «den norske kulturens tekster, sjangre og språklige mangfold» og «rustes til å delta i demokratiske prosesser» i «et moderne arbeidsliv som stiller krav til variert kompetanse i lesing, skriving og muntlig kommunikasjon».

Språkrådet meiner forventningane til kompetanse i norsk uttrykt gjennom kompetansemåla ikkje svarar til ambisjonane innleiingsvis i læreplanen.

Fleire av kompetansekrava er låge, og mange av dei er systematisk lågare enn kompetansekrava i læreplanen for norsk. Å leggje norskopplæringa opp som eit «framandspråk» som desse elevane ikkje kjenner til, er uheldig, i og med at elevane veks opp i eit tospråkleg samfunn.

Det er problematisk å ta frå samiske elevar høvet til å få eit fullt utbygt norsk språk ved å senke ambisjonane for norskopplæringa. Dette kan føre til at fleire elevar vel bort samisk som førstespråk fordi dei synest at dei ikkje får tilstrekkeleg kompetanse i norsk – noko som alt er eit problem i det samiske området. [Språkstatus 2017](#) syner ein jamn tilbakegang av elevar med samisk som opplæringsmål.

### 2.3.1 Kjennskap til norsk og samisk språkhistorie

Elevane skal «ha kunnskap om dagens språksituasjon i Norge og i Sápmi/Sábme/Saepmie og utforske dens historiske bakgrunn». Språkrådet ser ikkje korleis elevane skal få tilstrekkeleg kjennskap til språksituasjonen i Noreg utan større vektlegging av språkhistorisk kunnskap. Som i *læreplan i norsk* kjem kunnskap om norsk språkhistorie her først etter vg3. I *læreplan i samisk som førstespråk* kjem kunnskap om samisk språkhistorie også etter vg3. Dette er som sagt upedagogisk seint, og Språkrådet rår difor til at kompetansemåla i gjeldande *læreplan i norsk for elever med samisk som førstespråk* og i gjeldande *læreplan i samisk som førstespråk* blir ståande.

### 2.3.2 Kjennskap til dei minste språka i Noreg

Norsk for elevar med samisk førstespråk skal «gi elevene innsikt i den rike og mangfoldige språk- og kulturarven i Norge». Ein viktig del av denne innsikta er kjennskap til dei andre små språka i Noreg: nynorsk og dei nasjonale minoritetsspråka.

Nynorskkompetansen er betre definert i framleggget til ny læreplan. Sjølv om elevane ikkje skal ha opplæring eller vurdering i sidemål, skal dei lese tekster på både bokmål og nynorsk. Det er difor svært positivt at denne setninga har kome inn i teksten *Tekst i kontekst*: «Elevene skal lese noen tekster på den målformen de ikke har opplæring i.» Det er avgjerande for at elevane skal kunne utvikle variert kompetanse i lesing på norsk.

I læreplanframleggget kjem «lytte til og lese kortere tekster på den målformen eleven ikke får opplæring i og samtale om innholdet» først etter 7. årstrinn. Språkrådet meiner det er altfor seint. Kompetansemåla som gjeld «lytte og lese» i den generelle norskplanen, kunne òg vore brukte i norskplanen for elevar med samisk som førstespråk. Vi meiner også at denne elevgruppa bør «samttale om begrepene dialekt, bokmål og nynorsk» tidleg i utdanningslaupet.  
Til liks med elevane som følgjer læreplanen i norsk, bør elevane med samisk som førstespråk få noko generell kjennskap til dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg (jf. punkt 1.5.2).

## Vidare oppfølging

Språkrådet møter gjerne Kunnskapsdepartementet for å utdjupe innhaldet i denne fråsegna. Vi ønskjer å ta del i arbeidsprosessen på ein slik måte og i eit slikt omfang som naturleg følgjer av den rolla vi har som koordinerande språkpolitisk fagorgan på tvers av all statleg verksemd.

